

## *Einebuaren innmed Blånebba.*

Det er vanleg brukvis å seie at ein skal heim når ein dreg til bygds frå fjellet og seterstølen, men det finst ein og annan som seier han skal heim når han dreg til fjells også. I gamle dagar var det ikkje så reint få heller, for da var det bufast folk både i Trollheimen og på Nordmarka. Sia vart det audsleg i utmarka. Uår og armod gjorde ende på busetnaden, og litt om senn har det gått same vegen med markaslåtten og seterdrifta også. Men fjellheimen har ei undarleg makt over dei menneske som har lært han å kjenne, difor dukkar det oppatt så ein og annan også i våre dagar, som trassar straumdraget og søker einsemda og fridomen inne mellom dei blå bredane, langt borte frå larmen og bygdelivet.

Peder Sæther er ein av desse: I heile 15 år har han budd platt mo åleine på Vassendsetra inni Søyadalen både vinter og sommar. Rett som det er møter vi han framme i bygda med rappsekken på ryggen når han fer på proviantering. Auglaget er kvast og ansiktet magert og solbrunt som det skal og bør vera på ein fjellmann. Kroppen er gjessvint og gonglaget lett som ein ungdom i dei aller beste åra. Kven kunne tru om han ikkje visste det at denne lettføykne fjellørnen fyller syttiåra i år? — Men det gjer han verkeleg. Det er ikkje noko mindre enn eit fenomen.

Peder hefter seg ikkje lenger enn han treng i bygda. Han handlar det vesle han treng, litt stomp og litt margarin og andre varer av fundamentalt og livsviktig slag. Og så fer han heim att til setra si innmed Blånebba.



Peder Sæther

Hans Hyldbakk

I krigstida arbeidde han med vedhogst ein etterjulsvinter på nord-sida av bygda. Men i pinsehelga — og andre helgar med — snørde han sekken og fann vegen heim, tvers over bygda og milelangt til fjells på hi sida. Som einaste fastbuande mannen i Trollheimen måtte han halde sambandet oppe så han ikkje miste borgarbrevet sitt der.

Peder Sæther er sementstøypar og anleggsarbeidar av fag. I ungdomstida var han med og bygde Nykaia i Kristiansund. Sia arbeidde han på Dovrebanen, Nordlandsbanen og Vefsenanlegget. Når han gjekk over til å leva som fjellmann, så var det i førstninga berre om vinteren. Når sommaren kom, drog han oppover til Berkåk, Kvikne og Østerdalen og tok seg arbeid som murar og sementstøypar. Som jakt- og fangstmann tok han til på Nordmaka på nordsia av Surnadal. Her låg han dei to første vintrane på Kløftsetra i Vindøldalen og deretter i tretten vintrar på Eiterdalssetra. Med dei 15 siste åra på Vassendsetra i Søyådalen blir dette tilsaman 32 vintrar i fjellheimen.

Er det da å undrast over at han har slege rot i fjellet og grodd fast som krongelbjørka innmed kanten av snøfonna?

Grytidleg ein vårmorgon sist i mai er eg på vegen innover frå Østbøgardane for å vitje einebuaren innmed Blånebba. Himmelen er høg og vårblå over fjella, og seterstigen går langs fossande elvestryk innover mo og myrland. Det susar av brebekker i dei bratte dalsidene, og bjørkeskogen står uvanleg lys og sommarsleg heilt til topps etter årstida. Det er lite av livsteikn å sjå i stigane både etter folk og fe. Alt er reint og urørd av menneskehender, og freden er ubrotten, slik som han måtte vera det den morgonstunda skaparverket var fullført.

Etter kvart som stigen svingar inn mot sjøve seterdalen, opnar det seg utsyn for augo, og Blånebba og dei andre tindane stig imot meg med helsing frå himmelstormande høgder. Alt er så kjært og kjend. Snart er eg framme på Mellingstølen. Seterhusa står tome og tagale, men vårbekken kastar seg kåt og troa ved skjelveggen og syng si eiga vise. Eg kliv over steinutgarden og fylgjer stigen lenger frametter, og straks er eg framme ved målet.

Døra er attpå, og alt ser audsleg ut kring skjelet åt einebuaren. Ingen røyk frå pipa og ikkje noko livsteikn å sjå i det vesle glaset på kammersveggen. Men enno er det tidleg på dagen. Klokka er visst ikkje meir enn seks.

Eg tek meg på tak og haukar så høgt eg har mål til. Det er gamal sed og skikk for ein fjellmann å helse på denne måten, og eg veit at han Peder set pris på at folk varslar sitt kome på det viset.

Eg ventar ei rid. Så høyrer eg eitkvart som rører på seg innafør veggjen. Om ikkje så lenge går døra opp, og gubben sjøl stig ut på dørstokken og tek imot meg.

Det blir ei festleg morgonstund i det vesle kammerset på Vassendsetra. Kaffekjelen kjem på omnsholet, og medan vi sit ved bordet og styrkjer oss med den sterke eliksiren, kjem tunga på glid, og praten går om fjell-livet og alt som høyrer det til. Som einstøingar og gamle ungarar blir vi snøgt samde om ein ting: Det er ikkje langsamt å bu til fjells åleine. Det er berre kvinnfolk og tomtønner av menneske som kan seie slikt. Den som hev augo til å sjå og øyro til å høyre og som dertil eig ei kjelde til glede innst inni seg sjøl, for han blir einsemda aldri trykkjande. Og somtid kan det og hende eitkvart av ytre slag, slik at ein kan bli til hjelp for andre. Peder kan fortelje så ymse om slikt også.

Ein vinterkveld han kom heim fekk han sjå ein kar som hanka seg oppetter stølen med tolkniven. Det var han Lars Åsbakken som hadde ramla i veg på blankskaren utføre Storskrøa, og da han endelig stoppa, var han ikkje kar for å sette føtene under seg. Da var det godt å finne folk her på setra.

Ein annan gong kom det ein kar innover i 24 kuldegrader. Da han Peder kom ut på dørhella såg han at mannen var kvit i ansiktet, og alt det han sa var berre tullsnakket. Peder skjøna straks kva som stod-på, og han var snar inn etter ei skål med varm kaffeerstatning og slo i han. Eine foten til mannen var kvitfrosen heilt opp til kneet. Men med ei bøtte snø og mykje arbeid fekk dei atter blodet til å sirkulere.

Ja, Peder Sæther har vore ein god vaktmann i Søyådalen. Han held seg lov og rett etterretteleg og vil at andre skal gjera det same og. Men i krigstida fylgde han ikkje lov og forordning så nøye han heller. På lemmen oppfor kammerset hadde han ikkje så reint lite lager både av våpen og amusjon som han gøynde for seg sjøl og andre. Ein dag da lagret var på det største stod det brått tri tyske soldatar i døra på Vassendsetra. Einebuaren lyt tilstå at han kjende seg ikkje lett i bukka der han stod den gongen. Men da det bar-til så var det berre eit fly dei fór og leita etter, eit fly som skulle ha dotte ned i fjella i Trollheimen. Da var det liksom det letna att. For noko fly hadde han no korkje set eller teke vare på.

Ein dag han fór og fiska oppetter Fauskåa, vart han vars noko kvitt i rabben ovafor seg. Da han skulle sjå-til var det ein ballong som hadde dala ned der. Og i denne ballongen var det fest ein glaskasse med nokre fine instrument i. Dessutan fylgde den instruksjonen med at finnaren ved å levere sakene til Wehrmacht kunne gjera krav på 1000 kroner i finnarløn. Leverte han derimot ikkje inn til rette vedkomande, så vart løna litt av eit anna slag. Men Peder hadde ikkje hug til å yte nokor hjelp til den tyske krigsmakta og tok og bar greiene heim på kammersloftet, og der låg dei ilag med børsene den dagen dei tri soldatane kom til støls. Har eg lyst, så kan eg få sjå.

Vi er ferdige med åbiten, og Peder tek fram ei speldåse og set på bordet og trekkjer opp ein overlag fin morgonslått Eg spør om han kunne havt hug på ein radio. Men nei, av det slaget skal det aldri

koma inn i hans hus. Skal ein vera fjellmann, så får ein ikkje flytte uroa med seg.


Nei, det er så det. Men noko tidatrøyte må ein vel ha, meiner eg.

Han ser mest medlidande på meg. Så får eg høyre at her er nok å korte tida med. Han plantar gran, løyper bork og never og hogg fannved og dreg fram til elva på vinterføret. Og dette livnærer han seg med. Det blir kanskje ikkje så store dagpengar som folk flest er vane med. Men så går det heller ikkje så mykje ut til unytte. Lossmentet er billeg, og matseddelen er enkel. Sjølv livsopphaldet kostar aldri så mykje når ein tek det på rette måten.

Vi kveikjer pipa og går ut i dagen. Ovafor oss ligg Søfjellet med kvite vinterskjorta på barmen, og høgt over vårgrøne bjørkskogen stig Blånebba som ein svart mur mot rømdene. Det søgjer av elv i dalen. Fjellvinden leikar i lauvet og kviskrar om det opphavlege og endelause.

Eg står og kjender på det at ein må få godt samvit av å bu her og vita for visst at ein ikkje er i vegen for andre... Men idet eg stiklar heimetter dalen renn det meg føre at ikkje alle er laga til slikt liv. Trongen etter samfunn med andre sannar somtid det gamle ordet at det er ikkje godt for mennesket å vera åleine. Men når ein kjem oppi syttiåra taper kanskje det ordet si kraft. — Sjølv om ein er aldri så lett på foten.

*Hans Hyldbakk.*



Tvil

Oskar A. Johansen